

# Møteinnkalling

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**  
**Møtestad:** TEAMS  
**Dato:** 19.01.2021  
**Tidspunkt:** 08:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 40904341. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Lukka</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
ST 1/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/21	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 3/21	Årsmelding 2020 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021		2021/607
ST 4/21	Framlegg til uttale - Temaplan for reiseliv - Høyringsutkast - Kvinnherad kommune - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021		2021/607
ST 5/21	Referatsaker		
RS 1/21	Oversikt over søknad om tiltaksmidler og driftsmidler for 2021 - Folgefonna nasjonalparkstyre 2021		2021/607
RS 2/21	Oversendelse av kopi av brev fra Miljødirektoratet (Transmission of copy of letter)		2021/607

**ST 1/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 2/21 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

# ÅRSMELDING 2020

## FOLGEFONNA NASJONALPARKSTYRE



*Hattebergsdalen frå Kuhammar ein junikveld i 2020 (foto: Astrid Bakke Haavik).*

## Innhold

1. Generelt.....	3
2. Styret .....	3
3. Saker .....	3
4. Tiltak og drift .....	4
5. Nasjonalparkforvalter.....	6

## 1. Generelt

Folgefonna nasjonalpark og dei fire tilgrensande landskapsvernområda, Bondhusdalen, Ænesdalen, Hattebergsdalen og Buerdalen, vart oppretta ved Kongeleg resolusjon 29. april 2005. Verneområda omfattar frå 2020 dei tre kommunane Etne, Kvinnherad og Ullensvang. Det verna arealet er til saman 599 km<sup>2</sup>, og av dette utgjer nasjonalparken 545 km<sup>2</sup>

## 2. Styret

Etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019 vart det oppnemnt nye representantar frå kommunane og fylkestinget. Det vart konstituert nytt styre for Folgefonna nasjonalparkstyre 26. mars 2020 (ST 2/20).

Folgefonna nasjonalparkstyre 2020-2023	Medlem	Personleg vara	
<b>Hordaland fylkeskommune</b>	Sigrid Brattabø Handegard	Leiar	Terje Kollbotn
<b>Kvinnherad kommune</b>	Hans Inge Myrvold	Nestleiar	Hilde Enstad
<b>Etne kommune</b>	Mette Heidi Bergsvåg Eikreim		Kenneth Lyng Karlsen
<b>Ullensvang kommune</b>	Jarle Vangen		Kjellaug H. Samland

### Møter

Under viser møtene i nasjonalparkstyret i 2020. Det har vore fleire digitale møte enn vanleg i år.

	Dato	Tema
	10.-11.03 2020	Opplæringsprogram nasjonalparkstyre i Balestrand
<b>ST 1/20</b>	26.03.2020	Telefonmøte
<b>ST 2/20</b>	24.06.2020	Odda/Buer - synfaring
<b>ST 3/20</b>	27.08.2020	Digitalt møte
<b>ST 4/20</b>	24.09.2020	Rosendal/Hattebergsdalen - synfaring og møte
<b>ST 5/20</b>	05.10.2020	Digitalt møte
<b>ST 6/20</b>	02.12.2020	Digitalt/Rosendal - bestillingsmøte med SNO

## 3. Saker

Desse sakene vart handsama av styret i 2020.

Sakene er fordelt i ulike kategoriar. Motorferdsel og dronesaker er skilt ut som eigen kategori sidan dette er den største søknadsmengda. Administrative saker for styret inneber alt frå konstituering til godkjenning av innkalling og dagsorden. Ressursar er styret sine sakar som gjeld tiltaksmidlar og bestilling frå SNO.

Type	Saker	Dispensasjonar og andre søknader	Motorferdsel og drone	Adm	Ressursar	Planar og høyringar
<b>Styresak</b>	44	7	5	23	4	5
<b>Delegert vedtak</b>	31	2	29			
<b>Referatsaker</b>	3					

#### Besøksstrategi:

Styret vedtok i møte 4/19 at forvaltar fekk fullmakt til å sende ut strategien på høyring når den vart oppdatert i høve til innspela frå miljødirektoratet. Strategien var på høyring frå januar til 30. mai, då fleire kommunar bad om utsett frist for å handsame strategien politisk. Det kom inn 14 merknadar til planen. Alle innspel og merknadar er vist i vedlegg til besøksstrategien. Strategien vart vedteke på møte 6/20 den 2. desember 2020 og sendt til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

#### Uttak av gran og framande bartretyper i verneområda:

Norskog har kartlagt gran og andre framande bartre i verneområda. Rapporten skal danne grunnlag for vurdering i åra framover for uttak av framande artar i verneområdet, hovudsakleg norsk gran. Dette er eit prosjekt som vil verta vidareført i åra framover. I 2020 vart det teke ut mindre bestandar i Hattebergsdalen landskapsvernområde og i Folgefonna nasjonalpark (Furebergsdalen i Kvinnherad og Hjortedalen i Etne).

#### Pilotprosjekt privat og offentleg samarbeid om drift av infrastruktur på innfallsport Bondhusdalen

Forvaltar starta opp arbeidet med å sjå på moglege samarbeidsformer for drift av infrastrukturen mot slutten av 2019. Det er gjennomført innleiande møte med Kvinnherad kommune, der føremålet var å få oversikt over planlagde tiltak og planer for området, i tillegg til å få signal om kva kommunen ønskjer for innfallsporten. Det var gjennomført møte med grunneigarane på Bondhus i byrjinga av desember. Føremålet var å få ei felles forståing av utfordringane og få tilbakemeldingar om kva ynskjer grunneigarane hadde. Prosjektet er vidareført i 2020. Forvaltar har arrangert seks arbeidsmøte med kommune og grunneigarar i løpet av året.

Resultat: Grunneigarane har kome med framlegg til driftsavtale. Forvaltar ser seg no ferdig med prosjektet og overlét arbeidet til kommune og grunneigarar.

## 4. Tiltak og drift

I 2020 fekk Folgefonna nasjonalparkstyre tildelt totalt 800 000 kr til. I tillegg vart styret tildelt 280 000 kroner over driftsbudsjettet til drift av styret, høyring av besøksstrategi

og prosjekt for å sjå på ulike driftsformer for offentleg og privat samarbeid for drift av infrastruktur rundt innfallsporsten Bondhusdalen.

Det vart vesentleg underforbruk på alle felt i 2020. Mykje av dette skuldast dårleg framdrift og lite møteaktivitet grunna pandemien. Ein del prosjekt vart også stogga og forseinka i vesentleg grad grunna pandemi. Mange av informasjonstiltaka vart utsette då det ikkje var råd å komme til samarbeid med Kvinnherad kommune om tiltak og drift av informasjonspunkta. Nasjonalparkstyret er avhengige av avtalar med grunneigar på staden og avtaler om drift og eigarskap til infopunkta då styret ikkje kan ta på seg driftsansvar. Informasjonstiltaka i Kvinnherad er difor sette på vent til slike avtalar er på plass. Vi arbeider vidare med informasjonspunkt i dei andre kommunane.

Utgifter til å drifte styret er også vesentleg mindre i år då berre to styremedlemmer søker om godtgjersle og det har vore meir bruk av digitale møte.

Verneområde	Skildring	Søkt om	Tildelt	Brukt
<b>TILTAKSMIDLAR</b>				
<b>TILTAK DET VAR SØKT MIDLER OM I 2019</b>				
Plan for uttak av framande treslag		400 000		Manglar grunneigaravtalar
Forsterke bru over Skrelet		20 000		0
Infopunkt Buer		200 000		0
Undervisnings- og informasjonsopplegg i lag med naturrettleiar		25 000		Betalt ut i 2019
Infopunkt Langfoss		140 000		Sjå under
Infopunkt Bondhusdalen - her er med alle utgifter til skilt i år		200 000		141 324
Infopunkt Folgefonna		140 000		37 600
Nærsti Hattebergfossen		60 000		Ikkje igongsett
Skilt Møsevatnet		57 100		
Infoskilt Ænesdalen		50 000		
<b>TILTAK DET IKKJE VAR SØKT MIDLER OM I 2020</b>				
Anders Enes – hogst av små granfelt i Furebergsdalen og Hattebergsdalen				27 000
Hjortedalen – Hogst av sitkatre, Valestrand beitelag				10 500
Grus til Bondhusdalen				8 940
<b>Sum</b>		<b>1 272 100</b>	<b>800 000</b>	<b>225 364</b>



<b>Utgifter til drift, forvaltningsplan, besøksstrategi og skjøtselsplaner</b>				
<b>Informasjons- og dialogmøter i samband med besøksstrategi</b>		60 000		0
<b>Prosjekt drift av infrastruktur i Bondhusdalen</b>		40 000		0
<b>Drift av nasjonalparkstyret</b>	Utgifter møtergodtgjersle, reise og møter Folgefonna nasjonalparkstyre	182 719		64 569
<b>Rådgjevande utval</b>				
	Reiseutgifter for rådgivende utval	6 000		0
	Møtekostnader rådgjevande utval	5 000		0
<b>SUM</b>			<b>280 000</b>	<b>64 569</b>

## 5. Nasjonalparkforvaltar

Den fast tilsette nasjonalparkforvaltaren gjekk ut i permisjon i juni 2019. Vikar tilrådte i stillinga 8.juli 2019 og var vikar fram til 31. desember 2020. Frå juni 2020 til desember arbeidde vikar og fast tilsett forvaltar om lag 50 % kvar for styret.

Kurs, seminar og konferansar som forvaltaren har delteke på i 2019:

- 27-28.01 Sekssjonssamling for miljøavdelinga i Bergen
- 19-20.08 Avdelingssamling Balestrand (begge forvaltarar deltok)
- 21-22.10 Forvaltarsamling i Finnabotn (begge forvaltarar deltok)
- Miljøfagsamling frå Miljødirektoratet – ei rekke webinar utover hausten erstatta den årlege samlinga (begge forvaltarar deltok på delar av webinarane)

Synfaringar

- Furebergsdalen: haust 2020
- Rullestad: 14.08.2020
- Hjortedalen: 26.10.2020
- Sommarskisenteret
- Gamlestølen Guddal/Skeie: 03.01.2020
- Bondhusvatnet og Pyttelva: vår 2020
- Møsevatnet: 26.08.2020
- Vatnastøl: 10.11.2020

- Hattebergsdalen:
  - Uttak av gran opp til Reppadalen: haust 2020
  - 15. desember: Synfaring med kommune og NVE for å vurdere søknad om uttak av grus.

Bilete frå ulike synfaringer er vist under:



*Figur 1: På gjetarbu på Vatnastøl er plattning fjerna i samsvar med vedtak frå nasjonalparkstyret.*





*Figur 2: Det gamle våningshuset i Hjortedalen, Etne. No brukt som tilsynsbu og jaktbu.*



*Figur 3: I Hjortedalen sto det nokre siktagraner på tunet, som hadde stor risiko for spreing i nasjonalparken.*





*Figur 4: Disse vart fjerna av Valestrand beiteforening i haust i samband med tilsyn av husa. Eit enkelt tiltak som har spart oss for mykje arbeid i framtida. (foto: Jofrid Valen)*



Arkivsaksnr: 2021/607-0

Sakshandsamar: Astrid Bakke Haavik

Dato: 11.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	4/21	19.01.2021

## Framlegg til uttale - Temaplan for reiseliv - Høyringsutkast - Kvinnherad kommune -Folgefonna nasjonalparkstyre 2021

### Innstilling frå forvaltar

Folgefonna nasjonalparkstyre er positive til at Kvinnherad kommune ønskjer ein strategi for reiselivet i kommunen, med fokus på berekraft, natur og å gje dei besøkande gode opplevingar.

Styret ønskjer at dei føringane som ligg i besøksstrategien for Folgefonna nasjonalpark og Hattebergsdalen, Ænesdalen og Bondhusdalen landskapsvernområde vert vist omsyn til og teke med i reiselivsplanen til kommunen. På dei punkta i tiltaksplanen kor kommunen har vist til nasjonalparkstyret og nasjonalparkforvaltar i sin tiltaksplan ønskjer styret ein dialog og vidare samarbeid for å sikre at tiltaka vert løyst på best mogleg måte.

### Saksopplysningar

Kvinnherad kommunen sendte ut utkast til temaplan for reiseliv og cruisestrategi for 2021-2024 den 29. desember 2020 og planen ligg tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Høyringsfristen var sett til 13. januar, men etter samtale med sakshandsamar hjå kommunen har nasjonalparkstyret fått utsett frist.

---

Nasjonalpark	Folgefonna Nasjonalpark
Landskapsvernområde	Hattebergsdalen Ænesdalen Bondhusdalen Buer
Naturreservat	Langebudalen



## Vurdering

### Overordna mål

Kvinnherad kommune har sendt ut eit framlegg til på høyring. Føremålet med planen er at planen skal svare på ulike problemstillingar basert på perspektiva: Attraktiv, frisk og grøn kommune. Planen viser til at fantastisk natur, veldrive landbruk og pittorekse bygder må tilbys til besøkande innanfor FN sine berekraftsmål. Kommunen har «*Aktiv frå fjord til fonn*» som prioriterte produktkonsept.

I utkastet til reiselivsplanen spør kommunen korleis dei skal ta vare på viktig natur og naturtypar for framtidige generasjonar. Folgefonna nasjonalparkstyre er forvaltingsmynde for Folgefonna nasjonalpark og landskapsvernområda Hattebergdalen, Ænesdalen og Bondhusdalen. Føremålet med vern av Folgefonna nasjonalpark og dei kringliggande landskapsvernområda er å ta vare på unik natur med tilnærma urørt preg, kulturlandskap som vitnar om lokal busetnad sin bruk av naturen, både historisk og no. Det er også eit viktig føremål med vernet å gjere det mogleg for folk å utøve eit friluftsliv som ikkje krev større teknisk tilrettelegging for å få høve til å oppleve naturverdiane.

Forvaltingsplanen for Folgefonna nasjonalpark seier at det er «...*viktig med ei bevisst haldning frå turfolk og andre brukarar for at kvalitetane i nasjonalparken skal verte haldne oppe, både når ein nyttar den frie ferdselsretten og i samband med tilrettelagde aktivitetar. Friluftslivet bør skje på ein naturvenleg og enkel måte, og ikkje føre til ulempe for grunneigarar, landbruksdrift og lokalsamfunn.(...) Det som i dag går føre seg av organisert turverksemd i Folgefonnområdet er etter alt å døme sannsynlegvis ikkje i strid med verneføremålet.*»

Mange av dei fine reisemåla som tilreisande ønskjer å oppleve i Kvinnherad ligg rundt Folgefonna nasjonalpark eller landskapsvernområda rundt. Folgefonna nasjonalparkstyre har utarbeidd ein besøksstrategi som tek opp problemstillingane rundt det å kombinere friluftsliv med vern. Besøksstrategien er i verktøyet som skal sørge for at besøk ikkje skal forringe verdien av naturverdiane i verneområda. Dei fleste måtane å styre besøkstala på er utanfor verneområda og krev difor utstrekt samarbeid med andre aktørar, både offentlege og private.

Dei verna naturområda i Kvinnherad kan som nemnt i reiselivsplanen gje grunnlag for kunnskapsformidling. Det er likevel eit viktig prinsipp at naturverdiane her er i forsete og at tilrettelegging for reiseliv skjer der det er mogleg å vise omsyn til naturverdiane.

### Berekraft

Høyringsutkastet seier ein skal profilere grønne reisemål. Det er viktig at det vert fokus på kapasiteten på kvar destinasjon, både når det gjeld naturen sine tolegrensar og lokal busetnad og infrastruktur. Eit reisemål er ikkje lenger grønt når desse vert overskride. Dette har vore ei av hovudproblemstillingane i besøksstrategien for Folgefonna nasjonalpark.

Nasjonalparkstyret synest det er positivt at reiselivsplanen skal ha ein base i FN sine berekraftsmål. Om planen skal basere seg på berekraftsmåla som er nemnt bør ein også inkludere berekraftsmål 15 «Livet på land» (BM15) . Forvaltar ser at Innovasjon Norge ikkje tek med BM 15 i sine berekraftsvurderingar av di reiseliv ikkje er spesifikt nemnt som undermål av FN. Kvinnherad kommune er ein kommune med særskilt mykje naturbasert reiseliv knytt til verneområde og bør difor inkludere BM 15 i sine planar. Eit rikt naturmangfald og

naturhistorie er ofte ein hovudgrunn til at turistar vil besøke eit område (som FN sin reiselivsorganisasjon nemner i sin omtale av berekraftsmåla). Forvaltar føreslår difor at kommunen tek med BM 15 i reiselivsplanen.



Fra <<https://www.regjeringen.no/no/tema/fns-barekraftsmal/15.-liv-pa-land/id2590204/?expand=factbox2596953>>

Rosendal er nemnt som ei bygd med lange tradisjonar som turistbygd. Men eg trur også det er viktig å syne den historiske tyngda som Mauranger har hatt som turistdestinasjon sidan 1830-talet.

Planen viser til at Kvinnherad har ein særeigen kombinasjon av natur og kultur. Her vil nasjonalparkstyret særleg trekke fram den rolla Folgefonnssenteret har som ein formidlingsarena og knutepunkt for å bitte saman natur og kultur i Kvinnherad.

Nasjonalparkstyret støttar Kvinnherad kommune sine vurderingar om at vekst i reiselivet ikkje treng å bety fleire gjester til same tid, men like godt kan vere gjester som blir lenger i området. Her kan saktereise vere eit godt omgrep å ta med inn i planen. Turistkontoret i Kvinnherad bør samrå seg med besøksstrategi for Folgefonna i sin profilering av reisemål som er innanfor verneområda på nettsidene. Brukarundersøking i nasjonalparken gjennomført i 2018 viser eit høgt tal barnefamiljar på tur her samanlikna med andre nasjonalparker i Noreg. I tillegg er det ein stor andel lågpuristar (folk som liker stor grad av tilrettelegging når dei er på tur) i verneområda, men dette heng også saman med at det er veldig mange besøkande til Folgefonna. Verneområda er også veldig godt besøkt av busette i dei tre Folgefonnkommunane.

Innovasjon Norge har etter omfattande studie delt reisande inn i ulike segment etter kva dei føretrekk av ei reise. Reiselivsplanen fokuserer på tre segment: Dei kultiverte og intellektuelle, dei eventyrlystne og dei introverte. Eit viktig fellestrekk ved dei eventyrlystne og dei introverte reisande er eit stort fokus på at natur og opplevingar skal vere autentiske, urørte og ikkje øydelagde av turisme. Dette er grupper av menneske som ein naturleg vil oppsøke verneområda og det er viktig at ein ved å satse på desse sørger for at naturverdiane og verneområda som reisemål ikkje vert skadelidande. Det bør vere eit prinsipp at reiselivet ikkje trekker fram destinasjonar i verneområda der det ikkje er merka sti eller der det er behov for stor grad av tilrettelegging for å få trygg sti. Her bør besøksstrategien leggjast til grunn for alle tiltak som kan påverke besøk inn i verneområda. Eit hovudprinsipp er at all fysisk tilrettelegging for reiseliv skal føregå utanfor verneområda.



Kvinnherad kommune meiner Folgefonna nasjonalpark med innfallsportar skal vere ein spydspiss i profileringa av reiselivet til Kvinnherad. Dette krev eit tett samarbeid med fagleg kunnskap og lokal busetnad på innfallsportane, då mange av desse allereie opplever stort press. Det må vere heilt på det reine at all teknisk tilrettelegging for reiseliv skal føregå utanfor verneområda. Kan Kvinnheradsfjella som heilskap brukast som ein spydspiss?

### **Tiltaksplanen**

Tiltaksplanen til reiselivsstrategien inneheld mange punkt der kommunen har trekt inn nasjonalparkstyret. Det er viktig for nasjonalparkstyret at kommunen legg opp til eit tett samarbeid på dei felte der besøksstrategi og reiselivsplan overlappar. Besøksstrategien for nasjonalparken har vore på ei brei høyringsrunde og kommunen har vore med i dialogmøte i løpet av prosessen for å sikre høg medverknad, då ei vellukka besøksforvaltning i verneområda er heilt avhengig av at alle forvaltingsorgan drar i same retning. Nasjonalparkstyret har bestemt seg for å fokusere på overordna tiltak på nokre utvalde innfallsportar. For Kvinnherad gjeld det innfallsportane Sundal/Bondhus og Rosendal som startpunkt.



**ST 5/21 Referatsaker**

**RS 1/21 Oversikt over søknad om tiltaksmidler og driftsmidler for 2021 -  
Folgefonna nasjonalparkstyre 2021**

**RS 2/21 Oversendelse av kopi av brev fra Miljødirektoratet  
(Transmission of copy of letter)**